



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Christin Hana Løken, 51 56 89 82

Rundskriv 1/2026. Tilskot frå Regionalt miljøprogram i Rogaland: Kommentarar til reglane og rutinar for saksbehandling

Innleiing

Regionalt miljøtilskot er fastsett i Regionalt miljøprogram for Rogaland. Regionalt miljøprogram er utarbeidd av Statsforvaltaren i Rogaland i samråd med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Vilkår for å få tilskot står i forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbruket, Rogaland. Forskrifta ligg på lovdata.no. Omtala av ordningane og nærmare vilkår for å søkje er omtalt på heimesida til Statsforvaltaren under Rogaland → Landbruk og mat → Miljøtiltak → [Regionalt miljøtilskot frå Regionalt miljøprogram, RMP](#).

Rundskrivet omhandlar rutinar for kommunal saksbehandling og kommentarar til ordningane. Vi viser også til rundskriv 2026-23 av Landbruksdirektoratet om forvaltningsansvar og saksbehandling.



Innhald

Innleiing.....	1
Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2026	4
Kommunen må delegere økonomisk ansvar for RMP.....	6
Levering og mottak av søknad	6
Retting av søknad	7
Arkivering av søknadar	7
Saksbehandling.....	7
Alle søkjarar skal ha svar.....	7
Avvising av søknadar	7
Avslag på søknadar	8
Søknadar «under registrering»	8
Registrering av papirsøknadar	8
Vurdering av søknadar	8
Disponering av areal.....	8
Kartfesting av miljøverdiar – DN Handbok 13 og Natur i Norge	9
Geografiske verkeområde	9
Skjøtselsråd.....	10
Kart.....	10
Endring av søknadsverdiar	10
Godkjenning av søknadsverdiar	10
Attestering av søknadar	10
Kommentarar til dei ulike ordningane.....	11
Kulturlandskap	11
Skjøtsel av bratt areal	11
Organisert beitebruk – Drift av beitelag.....	11
Beite av verdifulle jordbrukslandskap i innmark.....	12
Biologisk mangfald	13
Slått av slåttemyr eller slåttemark	13
Beiting og brenning av kystlynghei.....	14
Krav til dokumentasjon av kystlynghei.....	14
Beiting av kystlynghei	14
Brenning av kystlynghei	16
Skjøtsel av biologisk verdifulle areal.....	17



Skjøtsel av trua naturtypar	17
Skjøtsel av styvingstre	17
Soner for pollinerande insekt.....	17
Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl	19
Tilrettelegging for grupper av hekkande vipper.....	20
Kulturminner og kulturmiljø.....	21
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne og skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne	21
Drift av seter	21
Friluftsliv	22
Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet	22
Avrenning til vatn	23
Grasdekt kantsone i åker og kantsone i eng	23
Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker	24
Utslepp til luft	25
Miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel	25
Jord og jordhelse	26
Fangvekstar etter hausting og som underkultur	26
Tilskot til bruk av biokol	26
Miljøavtale	27
Dispensasjon	28
Kontroll av søknadar	28
Gjennomføring av kontrollen	29
Gjødslingsplan	29
Avkorting.....	29
Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage.....	29
Meirutbetaling av tilskot	29
Tilbakebetaling av tilskot	30
Innspel til Regionalt miljøprogram	30



Fristar og andre viktige datoar for søknadsomgangen 2026

Måndag 15. juni 2026	Frist for å sende inn nye kartlag for prioriterte områder (SF). Frist for å sende inn ønske om endringar i eigenerklæringar (SF).
Fredag 26. juni 2026	Frist for å opne søknadsomgangen (SF).
Fredag 31. juli 2026	Frist for registrering av areal med miljøverdiar, godkjenning av nytt jordbruksareal, merking av tursti i terreng, avmerking av tursti på kart.
Tysdag 25. august 2026	Frist for å melde inn namn på nye beiteområda / endringar i namn for kommande søknadsomgang, til Landbruksdirektoratet (SF).
Tysdag 15. september 2026	Søknadsregistreringen opnar. Søkjarar kan begynne å sende inn søknadar.
Torsdag 15. oktober 2026	Søknadsfristen for å levere RMP-søknader er 15. oktober.
Kommunen kan starte behandlinga av RMP-søknadar etter 15. oktober, men vi tilrår å vente til 29. oktober, sidan søkjaren kan endre den innsendte søknaden fram til denne dato.	
Torsdag 29. oktober 2026	Siste frist for RMP-søklar til å endre ein søknad som allereie er sendt inn innan 15. oktober.
Sundag 15. november 2026	Frist for søknad om tilskot til drift av beitelag (OBB).
Tysdag 1. desember 2026	Frist for kommunen for å gjennomføre stadleg kontroll.
Søndag 10. januar 2027	Frist for førstegangssaksbehandling av søknadar. Kommunen skal ha behandle (godkjenne, avslå eller avvise) alle mottatte søknadar.



Fredag 29. januar 2026	Frist for låse tilskot-satsar (SF).
Fredag 12. februar 2026	Frist for endeleg vedtak (attestering) av søknadane (kommunen).
Fredag 19. februar 2026	Frist for endring av kontonummer i Altinn. Søkjar må sjølv registrere endringa.
Søkjarane får tilskotsbrevet i tidsrommet mellom 26. februar og 12. mars.	
Fredag 12. mars 2026	Utbetalingsdato for hovudutbetalinga. Dette er dagen søkjarane får pengane på konto.



Kommunen må delegere økonomisk ansvar for RMP

I 2021 innførte Landbruksdirektoratet ei ny rolle i eStil-RMP for attestering av søknadane. Kommunen må stadfeste skriftleg til Statsforvaltaren kven som har fått delegert ansvar for å attestere RMP-søknadane. Det skal vere ein annan person enn den som har godkjend søknaden. Delegasjonen skal vere skriftleg, og kommunen skal ha rutinar for *tilfredsstillande oppfølging av delegert budsjettdisponeringsmyndighet*. Ansvar til den som endeleg godkjenner søknadar går fram av punkt 2.5.2.1 om budsjettdisponeringsmyndighet i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Ved endringar i ansvarsforhold skal kommunane sende stadfestinga til Statsforvaltaren sitt postmottak (gjerne merka med Morten Svanes sitt namn). Når Statsforvaltaren har fått stadfesta delegasjonen, blir rolla ESTIL_VEDTAK_RMP tildelt vedkommande. Merk at kommunen ikkje treng å sende ny stadfesting så lenge det ikkje har vore endringar sidan 2021.

Levering og mottak av søknad

Jordbruksføretak kan levere søknad om regionalt miljøtilskot via Altinn eller på papir til kommunen. Søknadar på papir skal vere postlagt eller leverte til kommunen seinast ved søknadsfristen 15. oktober eller 15. november. For søknadar som blir leverte etter søknadsfristen, blir tilskotet redusert med 1000 kr per dag etter fristen. I eStil blir reduksjonen rekna ut automatisk. Ved registrering av papirsøknadar må kommunen leggje inn korrekt søknadsdato. Kommunen skal avvise søknadar som blir leverte etter 29. oktober. I eStil blir søknaden automatisk registrert som avvist, men kommunen må sende vedtak om avvising til søkjaren.

Søknadsskjema på papir skal vere underteikna av søkjaren. Berre personar som har ei rolle i føretaket, eller på annan måte har fått skriftleg fullmakt av føretaket, kan underteikne søknaden. Innehavar av føretaket kan delegere oppgåver til andre personar i Altinn. Fanekortet **Roller Person** under føretaket i Landbruksregisteret, viser kva personar som er registrerte i Einingsregistrert med fullmakt til å forplikte føretaket. Desse opplysningane finn ein òg ved å søkje på føretaket på www.brreg.no.



Retting av søknad

Før søknadsfristen er gått ut har søkjaren moglegheit til å gjenopne ein innsendt søknad for å gjere endringar. Dette gjer søkjaren ved å trykke på knappen «Gjenåpne» på hovudsiden i søknadsskjemaet. Det kjem då opp ein boks på skjermen med følgjande informasjon: *«Er du sikker på at du vil gjenåpne søknaden? Dersom du gjør dette, må du sende inn søknaden på nytt for å ha en gyldig innsendt søknad»*. Søklar kan då velge mellom svaralternativa «Avbryt» og «Gjenåpne». Viss «Gjenåpne» blir valt, blir statusen endra på den innsendte søknaden frå «Innsendt/Mottatt» tilbake til «Under registrering». Dette inneberer at søkjaren må sende inn den gjenopna søknaden på nytt for å ha ein gyldig innsend søknad. **Difor er det viktig at søklar sender inn den opna/endra søknaden på nytt for å ha en gyldig innsendt søknad.**

Søkarane kan rette i ein allereie innlevert søknad fram til 29. oktober utan å få trekk i tilskotet. RMP-forskrifta er endra slik at dette no samsvarar med regelverket for produksjonstilskot.

Dersom kommunen tek søknaden til behandling etter 15. oktober, vil ikkje søkjaren kunne gjere endringar i Altinn. «Gjenåpne»-knappen vil då vere inaktiv for søkjaren. Eventuelle endringar i søknadar må i desse tilfella gjerast manuelt av kommunen. Kommunen må avvege omsynet til å kome i gang med søknadsbehandlinga opp mot eventuelt meirarbeid med å gjere endringane manuelt. Kommunen bør ha rutinar for korleis dei behandlar søknadane i dette tidsrommet, og vere merksam på omsynet til likebehandling.

Arkivering av søknadar

Kommunane må bruke sine egne system for å arkivere søknadane. Søknadsdokument og tilskotsbrev blir overført frå eStil-RMP til kommunane via SvarUT den 15. kvar månad mellom november og juli. Det er utskriftsversjonen som blir arkivert, ikkje eventuelle kommentarar til godkjend-verdiane i eStil. Sjå kapittel 4.7 i rundskriv frå Landbruksdirektoratet for utfyllande informasjon om arkivering.

Saksbehandling

Alle søklarar skal ha svar

Kommunen skal saksbehandle og gjere vedtak i alle søknadar som kjem inn. Kommunen skal anten godkjenne, avvise eller avslå søknaden. Søklar skal få svar på søknaden sin, og det skal opplysast om klagerett. Avslag og avvisingar skal kommunane sende fortløpande til søklar. Søklarar som får søknaden godkjend og attestert i eStil, får automatisk eit tilskotsbrev rett før hovudutbetalinga.

Avvising av søknadar

Å avvise ein søknad inneber at saka ikkje blir teken til behandling fordi dei formelle vilkåra ikkje er oppfylte. Søknadar som manglar underskrift, eller som er underteikna av andre enn den som pliktar føretaket, skal avisast og sendast i retur til søkjaren. Søknadar frå føretak som ikkje er registrerte i Einingsregisteret innan søknadsfristen, skal òg avisast. Søknadar som er leverte meir enn 14 dagar etter søknadsfristen, skal avisast. Kommunen må sjølv sende vedtak om avvising til søkjaren.



Avslag på søknadar

Søknadar som er tekne til behandling, men som ikkje fyller vilkåra for tilskot, skal få avslag. Kommunen skal sende avslaget til søker utanom eStil. Søknadar med 0 kroner i utrekna tilskot skal avslåast så fremt årsaka til 0 kroner i utbetaling ikkje er avkorting eller interne trekk. Søknadar som resulterer i 0 kroner til utbetaling på grunn av avkorting og/eller interne trekk skal derimot godkjennast og attesterast i eStil. Alle søkerar som får søknaden attestert, får automatisk tilskotsbrev i Altinn. I desse tilfella treng ikkje kommunen sende eige brev utanom eStil.

Søknadar «under registrering»

Dersom eit føretak opnar søknadsskjemaet i Altinn og startar arbeidet med å fylla ut søknaden, får søknaden statusen «under registrering». Søknadar som er «under registrering» er framleis ikkje levert av søker, og kommunen kan ikkje starte behandlinga før dei er sende inn. Vi tilrår at kommunane vurderer søknadane som ligg med status «under registrering». Dersom søknaden ser ut til å vere nesten ferdig utfylt, bør kommunen ta kontakt med søkeren for å avklare om vedkomande har tenkt å sende inn søknaden eller ikkje.

Registrering av papirsøknadar

Frå 15. september kan kommunane registrere papirsøknadar i eStil. Ved mottak av papirsøknadar skal kommunen føre på mottaksdato og registrere søknaden i arkivsystemet. Søkeren må gjere greie for kvar tiltaka er lokaliserte, til dømes ved å merke dei av på eit papirkart. Først når søknaden er teken til behandling, kan kommunen teikne inn tiltaka i eStil-kartet.

Dersom søker først har prøvd å levere digitalt, må kommunen hente fram søknaden som ligg med status «Under registrering», registrere han som papirsøknad og leggje inn opplysningane frå papirsøknaden.

Vurdering av søknadar

Kommunen skal i saksbehandlinga gå gjennom opplysningane i søknaden og vurdere desse opp mot krava i dei ulike tilskotsordningane. Det finst ingen automatisk kontroll i eStil-RMP mot eStil-PT eller mot regionale kartavgrensingar. Difor er det viktig at kommunane manuelt vurderer om:

- søkeren disponerer areala det er søkt tilskot til,
- områda har miljøverdien det er søkt tilskot for,
- tilskot med geografisk verkeområde gjeld i dei områda det er søkt tilskot til,
- tiltaka er utført i tråd med skjøtselsråd og vilkår for ordningane,
- opplysningane i søknaden er korrekte,
- *for ordningar med tilskotstak*: føretaket er i driftsfellesskap med andre søkerar

Disponering av areal

Det er den som disponerer arealet som kan søkje om regionalt miljøtilskot. Å disponere eit areal betyr at føretaket må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, såing, gjødsling, hausting/beiting, gjerding og liknande. Det er den som søker produksjonstilskot på jordbruksarealet som kan søkje regionalt miljøtilskot til same areal. Dersom skjøtselen blir utført på leigd areal, kan ikkje skjøtselen vere i strid med avtalen mellom leigar og eigar. Det er ikkje krav til skriftleg avtale for bruk av utmark, men det er tilrådd. Ved vedlikehald av turstiar blir det tilrådd å inngå ein avtale mellom eigar og leigar om kven som har ansvaret for vedlikehaldet av turstien og kva som omfattast av vedlikehald. Det er den som utførar vedlikehaldet som kan søkje tilskot. Eigar og leigar avtaler seg i mellom korleis regionalt miljøtilskot skal påverke leigeprisen.



Vi tilrår at kommunane først vurderer føretaket sin søknad om produksjonstilskot og deretter søknaden om regionalt miljøtilskot.

Kartfesting av miljøverdiar – DN Handbok 13 og Natur i Norge

Fleire ordningar gjeld berre der det er kartlagd spesielle miljøverdiar. I eStil-kartet er det mogleg å slå på kartlaga for slåttemark, slåttemyr, kystlynghei, og naturtypar (viser fleire ulike naturtypar). For fleire ordningar er områdeavgrensing å sjå i www.temakart-rogaland.no/rmp. Kommunen må difor kontrollere søknadane opp mot kartgrunnlate for å avgjere om søkjaren kan få tilskot. Dette gjeld mellom anna ordningar som tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl, låg tilrettelegging og skjøtsel av biologisk verdifulle areal. Områdeavgrensingane må som hovudregel vere fastsette innan 31. juli.

I dei fleste ordningane innan biologisk mangfald må arealet det blir gjeve tilskot til vere registrert i Naturbasen. Dersom registreringa er gjennomført, men oppdateringane av Naturbasen framleis er under behandling, er ei skriftleg stadfesting frå miljøvernavdelinga hjå Statsforvaltaren tilstrekkelig.

Sidan 2015 har miljøforvaltninga kartlagt naturtypar etter metodikken Natur i Norge (NiN). Tidlegare vart naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13 (DN HB-13), og det er kvalitetssettinga etter DN-handbok 13 som har vore basis for vår inndeling av tilskotssatsar i RMP. I rettleiingsheftet er det spesifisert tilskotsklasse for dei ulike kvalitetsgraderingane i NiN. For kvart tiltak er det omtalt kva slags kvalitet området må ha for å kvalifisere for tilskot.

Dersom eit område er kartlagt både etter handbok 13 og NiN-metodikk skal forvaltninga bruke siste kartlegging for å vurdere miljøtilskot. I praksis vil det bety at ny NiN-kartlegging overstyrer eldre kartlegging etter handbok 13. Kommunen må vere merksam på at ny NiN-kartlegging kan overlappe med andre kartlag som indikerer at skjøtselen ikkje er i tråd med krava for tilskot. Til dømes kan NiN-kartlagt kystlynghei overlappe med AR5 innmarksbeite.

Geografiske verkeområde

Fleire av ordningane gjeld berre innan bestemte geografiske område. Kommunane kan bruke www.temakart-rogaland.no/rmp til hjelp i saksbehandlinga. Dersom ein teig ligg i to ulike nedbørfelt, så skal kommunen godkjenne heile teigen for tilskot til miljøavtaler.



Skjøtselsråd

I 2019 vart krav om skjøtselsplan erstatta med skjøtselsråd. Skjøtselsråda er rettleiing for korleis skjøtselen skal vere for å oppnå ein gjeven miljøverdi. For å ha rett til tilskot må føretaket ha utført skjøtselen i tråd med skjøtselråda. Kommunen skal avslå tilskot dersom skjøtselen ikkje er gjort slik at miljøverdiane blir teken vare på eller forbetra. Søkjaren må kunne gjere greie for kva som er gjort / korleis skjøtselen har vore.

Kart

Kommunen kan endre søkjar sine kartregistreringer når søknaden er under behandling. Kommunen bør rette opp feil i kartet. Søkjarane vil ved neste års søknad få spørsmål om å importere kartdata frå tidlegare år. Sidan kartdata er kjelde til arealopplysningar i søknaden er det lett at feil blir gjenteken dersom karta ikkje blir oppdaterte.

Endring av søknadsverdiar

Kommunen skal ikkje på eige initiativ endre i søknadsverdiar. Dersom søkjaren ønskjer å føre på nye tiltak eller nye einingar (dyr/dekar/meter) skal søkjar som hovudregel levere inn ny søknad. Kommunen kan berre rette opp openberre feil i søknaden. Skal kommunen endre søknadsdata i eStil – RMP må søknaden avisast og gjenopnast. Når søknaden blir teken til ny behandling kan saksbehandlar trykke «Endre», legge inn oppdaterte søknadsverdiar, og sende inn søknaden på nytt. Kommunen kan i sin saksbehandling rette opp i unøyaktige innteikningar i kart.

Godkjenning av søknadsverdiar

Kommunen vurderer om søknadsverdiane er rette. Dersom kommunen ikkje godkjenner søknadsverdiane må dei kommentere endringa. Dersom søkjaren får mindre tilskot eller ikkje får tilskot, må søkjaren kunne forstå kvifor. Kommentarfeltet i eStil som ligg til høgre for godkjend verdi er til intern bruk i kommunen. Under tiltaket er det eit felt: «Merknad til tiltak .. i tilskuddsbrev», og det er dette feltet som kommunen skal bruke for å forklare endringar til søkjaren.

Attestering av søknadar

Kommunen må innan gjeve frist gå inn i eStil og attestere godkjende søknadar for utbetaling. Søknadar som ikkje er attestert vil ikkje bli utbetalt. Kommunen fattar vedtak når dei attesterer søknaden. Den som har behandla søknaden kan ikkje attestere den. Det må vere ein annan person som har fått tildelt rolla ESTIL_VEDTAK_RMP.



Kommentarar til dei ulike ordningane

På [heimesida til Statsforvaltaren](#) og i [forskrifta](#) er vilkåra for ordningane omtalt, og skjøtselsråda gjeve. Kommunane må gjere seg kjende med vilkår og skjøtselsråd, og bruke desse ved behandling og kontroll av søknadar.

Kulturlandskap

Skjøtsel av bratt areal

Arealet må tilfredsstille krava til bratt areal jamfør [NIBIO sine kart over bratt areal](#). I siste halvdel av august bereknar NIBIO bratt areal ut frå AR5. AR5 blir deretter fryst og det er det fryste kartlaget som er synleg i eStil-kartet. Vi har derfor satt en frist for kartlegging av jordbruksareal. Arealet må vere registrert som jordbruksareal (etter AR5) innan 31. juli for å kunne utløyse tilskot.

Areala skal vere i aktiv drift og bli beita eller slått. Gras skal ikkje liggje att på marka, og det er ikkje nok å bruke beitepussar. Areala skal ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing. Det er den som søker på produksjonstilskot på arealet som kan søkje på miljøtilskotet på same areal.

Organisert beitebruk – Drift av beitelag

Søknadsfristen om driftstilskot for beitelag er 15. november. Kommunen må sjå etter at nye medlemer er registrerte i Landbruksregisteret. Før det kan bli gjeve tilskot til nye beitelag, må beitelaget ha registrert seg i Brønnøysundregistra og fått organisasjonsnummer. Dei må i tillegg ha godkjende vedtekter m.m.. Kommunen må godkjenne det nye beitelaget før dei kan søkje om tilskot. Kopi av godkjenninga skal sendast Statsforvaltaren innan 18. august i søknadsåret. Beiteområdet må teiknast inn på kart og sendast inn til Statsforvaltaren. For nye lag er minstekravet aktive 5 medlemer og 300 småfeeiningar. Elles viser vi til krava for beitelag som finst i Rettleiingsheftet for organisert beitebruk.

Målet med tilskotet er å stimulere til fellesløysingar, felles tilsyn og sanking, og beitelaget skal føre rekneskap som viser korleis tilskotet er brukt. Kontroll av beitelag er ein del av 5 %-kontrollen av regionalt miljøtilskot.



Beite av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Formålet med tilskotet er å halde spesielle verdifulle jordbrukslandskap i innmark skjøtta og i god hevd. Areal som er attgrodde med kratt og annan vegetasjon, og som tydeleg viser at dei verken er beita eller slåtte, kvalifiserer ikkje for tilskot. Det same gjeld areal der det er mykje problemugras, og der søkjar ikkje har følgd opp varsel frå kommunen. Døme på problemugras er høymole, lyssiv, åkertistel, vegtistel, myrtistel og landøyda.

Tilskotet gjeld for alt jordbruksareal på utvalde bruk. Nokre av desse bruka har teigar som blir slåtte i staden for, eller i tillegg til, å bli beita. Desse teigane kvalifiserer likevel for tilskot. Alternativt måtte vi teke i bruk ein eigen tiltaksklasse «slått av verdifulle jordbruk» for desse areala. Sidan dette gjeld små område, og mange areal både blir slåtte og beita, så har vi valt å samle alt i éin tiltaksklasse, uavhengig av haustemetode.

Det er mogleg å søkje på dette tilskotet i desse områda:

- Suldal kommune:
 - o Litlehamar
 - o Klungtveit
 - o Mogleiv
 - o Lali
 - o Hamrebø
- **Lysefjorden:** Gjeld jordbruksareal øst for Lysefjordbrua
- Bjerkreim kommune:
 - o Dyrskog ved Ørsdalsvatnet



Biologisk mangfald

Slått av slåttevær eller slåttevær

Det er få område i Rogaland som er registrert med desse naturtypene. Ein del av saksbehandlinga vil difor vere å kontrollere om arealet er registrert i Naturbase. Tilskotet blir gjeve når nødvendig skjøtsel er utført. Ved kontroll må søkjaren kunne gjere greie for korleis skjøtselen er gjennomført, og areala må synfarast slik at kommunen kan sjå at dei er hausta.

For slåttevær er det viktig at slåttene blir teken seint nok, og at grasene blir fjerna frå området. Det er ikkje krav til slåtteutstyret. Dersom arealet blir beita om våren, må dyra takast bort frå beitet innan utgangen av mai slik at blomsterplantene får høve til å vekse opp og bløme. Areal skal vere preg av ein rikt innslag av urter og blomstrandende artar som krev mykje lys og lite næring, til dømes prestekrage, blåklokke og kystmaure. Slåttemarker er ofte skrinne og med glissen vegetasjon. Marka skal ikkje vere preg av gjødsling.

Det er uvanleg å skjotte slåttevær i Rogaland. Det er fare for at søkjarar misforstår skilnaden mellom ordningane *skjøtsel av slåttevær* og *skjøtsel av biologisk verdifulle areal* (som gjeld myr generelt). Kommunen må difor vere ekstra merksam ved behandling av søknadar etter denne ordninga. Areal som berre er beita og ikkje slåtte, kvalifiserer ikkje for tilskot. Vi tilrår at søkjarar tek kontakt med faginstansar for å få utarbeidd ein skjøtelsesplan, sidan rett skjøtsel avhenger av vekst og artar på arealet. Kommunen kan gje SMIL-midlar til å utarbeide ein slik skjøtelsesplan.

Det blir gjeve tilskot til slåttevær av alle kvalitetar og slåttevær som er definert som utvalt naturtype. Sjå temakart-rogaland.no/rmp for informasjon om kva områda som kan få tilskot.



Beiting og brenning av kystlynghei

Krav til dokumentasjon av kystlynghei

Berre kystlynghei som er registrert i Naturbase kan få tilskot. Areal som ikkje ligg inne i Naturbase, kan få tilskot viss det ligg føre annan godkjend dokumentasjon på kartlagd kystlynghei. Dette kan vere aktuelt når arealet nyleg er kartlagt, men ikkje ligg i Naturbase enno. I slike tilfelle kan arealet godkjennast for tilskot dersom det ligg føre ei skriftleg stadfesting frå Statsforvaltaren si miljøvernaving. For alle areal som ikkje ligg i Naturbase må dokumentasjon og/eller skriftleg stadfesting frå Statsforvaltaren si miljøvernaving vere vedlagt søknaden. For kystlynghei i verneområde som ikkje har lokasjonskvalitet, kan miljøvernavinga stadfeste kvaliteten på arealet.

Både HB-13- og NiN-kartlegging utløyser tilskot. Det er den nyaste kartlegginga som gjeld, noko som i utgangspunktet vil vere NiN-kartlegging. I område der det er gjennomført NiN-kartlegging, erstattar denne all eldre HB-13 kartlegging. I [Temakart-Rogaland](#) kan ein slå på kartlaget «DOK-Naturtyper etter Miljødirektoratets instruks (NiN) dekningskart». Dette kartlaget viser alle områda som har vorte kartlagt med NiN. All HB-13-kartlegging som overlappar med dekningskartet er ikkje lenger gjeldande.

Beiting av kystlynghei

Frå og med søknadsomgangen 2024 kan kystlynghei av alle kvalitetar få tilskot. Kystlynghei med NiN-kvalitet «moderat» høyrde tidlegare til tiltaksklasse «lokalt viktig», men frå og med 2024 tilhøyrar dei tiltaksklasse «viktig». Kystlynghei av NiN-kvalitet «låg» fekk før dette ikkje tilskot, men kan no få tilskot i tiltaksklassen «lokalt viktig».

Tabell 1: Oversikt over fordeling av dei ulike kvalitetane av kystlynghei og tiltaksklasse.

Tiltaksklasse i eStil-RMP	DN HB-13	NiN
Svært viktig	A-lokasjon	Svært høg
Viktig	B-lokasjon	Høg og moderat
Lokalt viktig	C-lokasjon	Låg



Berekning av areal og godkjend areal

Tilskotet blir utmålt per dekar. Berre kystlynghei som er registrert i Naturbase eller har skifteleg stadfesting frå Statsforvaltaren si miljøvernavdeling kan utløyse tilskot.

Kommunen må vere merksam på at teikning i kartportalen i eStil berre gjev bruttoareal. Når søkjar teikna inn arealet i eStil-RMP, klipper ikkje systemet mot bakgrunnskartet for kystlynghei frå Naturbase. Difor vil det teikna arealet innehalde område som ikkje har rett på tilskot, til dømes bert fjell, vatn eller andre naturtypar. Godkjend arealgrunnlag for søknad om tilskot er bruttoareal med fråtrekk av bert fjell, vatn og andre naturtypar. Kommunen må anten prøve å teikne så nøyaktig som mogleg eller redusere godkjend areal slik at arealgrunnlaget berre omfattar kystlynghei.

Kommunen må kontrollere om det er overlapp mellom registrert kystlynghei og AR5 innmarksbeite eller andre kartregistreringar. Kommunen skal ikkje godkjenne tilskot til kystlynghei for areal som er innmarksbeite, skogplantefelt og liknande.

Søkjaren skal kunne gjere greie for kor mange dyr som har gått i området til ulike tider. Det skal berre bli gjeve tilskot til areal der det går føre seg reell beiting av kystlyngheia. Etablert lyng skal vere beita i minst 10 veker.

Fellesbeite

Det er vanleg at fleire føretak har beitedyr i same område eller inngjerding med kystlynghei. Søkjarane må i slike tilfelle fordele tilskotsarealet mellom seg ut frå talet på dyr. Kommunen må vere merksam på eventuell omgåing av tilskotstak. Det er den som har beitedyr som skal søkje tilskot. Jordeigarar som ikkje har beitedyr i kystlyngheia, har ikkje rett på tilskot.

Vurdering av beitetrykk

Beitetrykket skal ikkje vere for lågt eller for høgt. Kor mange dyr det kan vere på eit område vil variere. Lyngheisenteret på Lygra reknar 15 daa lyngmark som passende areal per villsau. NLR-einingane i Rogaland har samarbeidd om ein rapport om beitetrykk i kystlynghei. Rapporten vil vere nyttig i vurderinga av dyr per dekar.

For å vurdere beitetrykket må ein sjå på kvaliteten til lyngen og vurdere kor mykje gras det er. I tillegg må ein sjå om det er oppslag av lauvtre. Dersom det er mykje gras på tørre område og lite lyng, kan det tyde på at området er vorte beita for hardt. Er det mykje oppslag av lauvtre og gammal forveda lyng (over 20–30 cm) er det teikn på for lågt beitetrykk. Brenning kan då vere eit tiltak for å betre kvaliteten.

Der det ikkje er gjerde mellom innmark og utmark, må kommunane vurdere om det er sannsynleg at dyra nyttar utmarka i tillegg til innmarka. Her må kommunen sjå på storleiken til innmarksbeitet samanlikna med lyngområdet. Eit moment i vurderinga er også tidpunktet for beitinga. Dyr som går ute tidleg om våren eller seint om hausten vil i større grad nytte lyngområda. Område registrert som kystlynghei, og som ber preg av å vere innmarksbeite, det vil seie er grasdominert og gjødselprega, skal ikkje godkjennast for tilskot.

Dyrehald

Heilårsbeiting og utedrift skal skje etter godkjenning frå Mattilsynet. [Her kan du lese meir om vilkåra for å ha utedrift av småfe og korleis ein søker om godkjenning frå Mattilsynet.](#) Dyrehaldet skal oppfylle krava til merking og til god dyrevelferd. Dersom det blir avdekt alvorlege brot på dyrevelferda hjå føretak som søker tilskot til beiting av kystlynghei, kan kommunen avkorte tilskotet.



Utedrift inneber at sauene eller andre dyr går ute heile året og finn alt fôret sjølv, også om vinteren og utanfor den ordinære beitesesongen. Vegetasjonen og vasstilgangen i området må under normale forhold kunne gje dyra tilstrekkeleg næring utan tilleggsfôring. Ved utedrift har altså dyra ikkje tilgang til hus utanom den normale beiteperioden.

Brenning av kystlynghei

Tilskot til brenning av kystlynghei blir gjeve som eit tillegg til tilskotet for beiting av kystlynghei. Det vil seie at for å få brennetilskot må det same arealet få tilskot til beiting i den same søknadsomgangen. I eStil-RMP kan ein ikkje teikne inn området som er brent før ein allereie har teikna inn arealet som er beita. Det må gå minst 10 år mellom kvar brenning av arealet. Brenninga skal gjennomførast i tråd med skjøtselsråda og skal avklarast med brannvesenet i forkant av brenninga.



Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

Frå og med 2023 gjeld ordninga areal klassifisert som myr etter AR5 som grensar til fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite godkjend som spreieareal for husdyrgjødsel. I <https://www.temakart-rogaland.no/rmp> finst det eit kartlagt som viser områda som fell inn under denne ordninga. Det er berre areal som finst i dette kartlaget som utløyser tilskot. Myra skal ikkje ha inngrep som grøfter eller kanalar for å kvalifisere for tilskot.

Areala skal ha eit ugjødsla preg og innslag av urter. Oppslag av lauvtre skal haldast nede. Ein må vurdere beitetid og beitetrykk slik at ein unngår at beitinga fører til for mykje opptrakking av myra. Myra skal ikkje gjødselast, verken med mineralgjødsel eller husdyrgjødsel. Det skal ikkje brukast kjemiske plantevernmidde, med mindre dette er ein del av godkjend skjøtsel.

Skjøtsel av trua naturtypar

Denne ordninga gjeld skjøtsel av naturbeitemark og hagemark. Områda skal vere beita og ikkje gjødsla eller sprøyta med plantevernmidde. For å vurdere om området er breispreidd med husdyrgjødsel kan ein sjå på steinane. Dersom dei er kvite og lite tilgrodde er det eit teikn på at området blir nytta som spreieareal for husdyrgjødsel. Artssamansetninga vil variere etter forholda på staden. Dersom beitetrykket er for høgt, vil områda bli artsfattige.

Areala må vere kartfesta i Naturbase for å kvalifisere for tilskot. Nytt frå 2026 er at alle kvalitetar, frå lav kvalitet (C-lokasjon), av naturbeitemark og hagemark kan utløyse tilskot.

Skjøtsel av styvingstre

Kommunane må vere merksame på at tilskot til styving berre blir gjeve det året treet blir styva, og ikkje årleg. Dersom søkjarane ikkje er merksame på dette og importerer kartdata frå førre søknadsomgang, kan det føre til store feil i søknadane.

Trea skal vere styva godt over beitehøgda til husdyra. Det vil seie om lag 2,5 til 3 meter over bakken. For å ha rett til tilskot må trea vere styva. Same tre kan ikkje utløyse tilskot oftare enn kvart femte år. Restaurering av eldre felt med styvingstre er krevjande, og det kan vere fornuftig å løyve SMIL-midlar til slike tiltak.

Soner for pollinerande insekt

Det blir gjeve tilskot til skjøtsel av soner for pollinerande insekt. Det kan anten gjevast tilskot til:

- a) Etablerte areal med blomstrande vekstar, til dømes åkerholmar, skråningar ved jordbruksareal, tidlegare beiteareal og liknande.
- b) Striper på jordbruksareal som er tilsådde med eigna frøblandingar, anten generelle frøblandingar eller regionale frøblandingar.

Ved bruk av regional frøblanding må søkjar kunne dokumentere kva frøblanding som er nytta og at frøblandinga inneheld regionale frø. NIBIO har utvikla frø for denne regionen som blir selde på utvalde stader. Rogaland høyrer til regionen Sørvestlandet i NIBIO si inndeling.


Areala kan ikkje vere gjødsla, sprøyta eller beita. Arealet skal slåast seint på sommaren, etter at blomstringa er avslutta, og plantemassen skal fjernast. Arealet kvalifiserer ikkje for tilskot viss det ikkje blir slått. Beiting aleine er ikkje tilstrekkeleg. Det kan vere innslag av tre på etablerte areal, men areal med berre tre kvalifiserer ikkje for tilskot. Det skal òg vere frøplanter på arealet. Ulike insekt har ulike preferansar for planter, og difor skal det vere fleire ulike blomsterplanter på areala. Reinbestand av til dømes kløver, geitrams og liknande kvalifiserer ikkje for tilskot.



Det blir arbeidd frå fleire hald med å få eigna frøblandingar på marknaden. Til no er utvalet svært avgrensa. Målet er å nytte mest mogleg stadeigne artar. Dersom det blir brukt frøblandingar, skal dei ikkje innehalde framande artar som har større risiko for spreiding enn «låg risiko». Artsdatabanken vurderer slik risiko. På deira heimeside: <https://artsdatabanken.no/lister/fremmedartslista/2023> er det mogleg å søkje opp ulike planteartar. Jamfør instruksen for regionale miljøtilskot og de regionale forskriftene kan ikkje artar med kategoriane «potensielt høg risiko», «høg risiko» og «svært høg risiko» inngå i pollinatorsoner som får støtte gjennom RMP.

Landbruksdirektoratet har gjeve generell dispensasjon frå kravet om at frøblandingar ikkje skal innehalde framande artar med større risiko for spreiding enn «låg risiko». Dispensasjonen gjeld berre arten blodkløver (*Trifolium incarnatum*). Blodkløver fekk endra risikokategori frå «låg risiko» til «potensielt høg risiko» i Fremmedartslista 2023. Endringa i risikokategori vart ikkje fanga opp av Landbruksdirektoratet med det same, og det har difor ikkje vore gjeve informasjon om at blodkløver ikkje skal inngå i pollinatorsoner. I risikovurderinga frå Artsdatabanken er kategorien satt til potensielt høg risiko, med usikkerheit til låg risiko. Arten har ingen kjent negativ økologisk effekt og vil truleg berre etablere seg på kulturmark og sterkt forstyrta mark. Det blir difor gjeve en generell dispensasjon frå kravet om å ikkje nytte arten blodkløver (*Trifolium incarnatum*) med «potensielt høg risiko» for tiltaket soner for pollinerande insekter i 2024. Allereie etablerte fleirårige soner som inneheld blodkløver, kan også få støtte så lenge sona ligg føre og ikkje blir fornya.

Sona må vere minimum 2 meter brei for å kunne få tilskot. Dersom heile teigar er tilsådde, kan ein rekne om arealet til fleire striper i teigen. Arealen bør vurderast i felt innan august, før dei blir hausta.



Figur 1: Eksempel om korleis ein kan tenke og teikne inn sone for pollinerande insekt i dei tilfella der ein har fleire striper på same teig.



Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Høg tilrettelegging

Tilskotet gjeld tilrettelegging for vipe gjennom etablering av vipestripe.

Vilkår for å få tilskot til vipestripe:

- Føretaket må innan 1. mars same år ha meldt frå til kommunen eller Statsforvaltaren om at det vil etablere vipestripe. Dette er for at forvaltninga skal kunne følge opp dei interesserte og gjennomføre stadleg kontroll. Stadleg kontroll må utførast i perioden 20. mars til 1. juni.
- Arealet skal vere pløgd eller liggje i stubb
- Det skal ikkje utførast jordarbeiding i perioden 20. mars til 1. juni.

Ei vipestripe er eit areal med pløgd jord eller stubb som er sett av slik at vipa kan etablere reir og hekke utan forstyrning. Vipa føretrekkjer område med svart jord i dagen. Det gjer areala opne og oversiktlege, slik at ho lettare kan oppdage fiendar. Tilskotet blir gjeve for å halde areala urørte og utan jordarbeiding i perioden 20. mars til 1. juni. Det kan òg vere areal som blir pløgde på hausten, eller kornareal som vart hausta året før og no ligg i stubb. Områda skal liggje urørte i perioden 20. mars til 1. juni. Med urørt meiner ein at areala ikkje skal køyrast på i denne perioden. Det inneber at gjødsling og såing må vente til etter 1. juni.

Arealet skal vere attraktivt for vipa. Spør gjerne om det har vore viper der tidlegare. Det aktuelle vipearealet skal liggje inntil eit sideareal som vipeungane kan rømme til når jordbruksdrifta tek til att 1. juni. Sidearealet skal ikkje vere tresett. Det kan vere beiteareal, kornareal, myrområde eller open fastmark. Sidearealet treng ikkje vere eigd eller disponert av den som søker tilskotet. Det må vere mogleg for ikkje-flygedyktige vipeungar å kome seg over til sidearealet. Det kan difor ikkje vere fråskilt vipearealet med ein djup kanal, ein heilt tett steinmur, ein trafikkert veg eller andre uoverkomelege hinder.

Den er viktig å hugse at vipearealet bør såast til etter 1. juni for å vere i drift og kvalifisere for produksjonstilskot. Søkjaren skal berre teikne inn sjølve vipearealet i søknaden, men kan eventuelt omtale sidearealet i søknaden.

I samband med nydyrking er det vanleg å la arealet liggje ei tid slik at jorda får setje seg. Tilskotet gjeld berre allereie fulldyrka areal, ikkje areal under nydyrking.

Låg tilrettelegging

I tiltaksklassen låg tilrettelegging blir det gjeve tilskot til våtmarksbeiting på areal som er viste i [Temakart-Rogaland](#).

Beitinga av området skal skje med eit beitetrykk som tek vare på miljøverdiane i området. Areal skal ikkje bere preg av gjødsling, og det skal ikkje leggjast ut tilleggssfôr (grovfôr) i område som får tilskot. Det skal vere tydeleg at områda er beita.



Tilrettelegging for grupper av hekkande vipper

For å få tilskot må alle dessa vilkåra vere oppfylte:

- Det må vere registrert ei hekkegruppe på areal som søkjar disponerer (definert som minst tre vipereir med ein avstand mellom kvart reir på mindre enn 200 meter)
- Hekkegruppa må meldast til kommunen eller Statsforvaltaren innan 15. april
- Det må vere teke omsyn til vipa i drifta av arealet
- Det må vere ført logg over gjennomførte tiltak

Ei hekkegruppe er minst tre vipereir som har ein avstand på mindre enn 200 meter mellom kvart reir. Minst to av dei tre reira må liggje på fulldyrka eller overflatedyrka areal som søkjaren disponerer. Det tredje reiret kan liggje utanfor areal som søkjaren disponerer, til dømes på innmarksbeite, i ei etablert vipestripe eller på anna areal. Avstandskravet mellom reira må oppfyllest sjølv om eit av reira ligg utanfor arealet til søkjaren.

Vipereir på etablerte vipestriper kan inngå i hekkegruppa. Det kan likevel ikkje gjevast tilskot for hekkande vipper på ei etablert vipestripe samstundes som det blir gjeve tilskot til vipestripa. Søkjaren må difor velje kva for eitt av vipe-tiltaka det skal søkjast om.



Kulturminner og kulturmiljø

Skjøtsel av automatisk freda kulturminne og skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne

Areala med kulturminne må liggje på eller i direkte tilknytning til jordbruksareal. Det er tilstrekkeleg at lokaliteten (arealet som er fargelagt blått på gardskartet) ligg inntil eit jordbruksareal. Ved kontroll skal kommunen sjå til at kulturminna er synlege, og at kulturminneareala er skjøtta i samsvar med skjøtelsråda. Det skal ikkje vere gjort inngrep som kan vere skadelege for bevaringa av kulturminnet. Skjøtselen av kulturminne skal vere skånsam og aktiv slik at området ikkje blir forringa.

Ein lokalitet kan innehalde fleire enkeltminne. For å vurdere kor mange gravminne søkjaren har, må kommunen slå opp lokaliteten i [Askeladden](#), Riskantikvaren sin database over kulturminne. Det finst to ordningar for skjøtsel av kulturminne i RMP. Den eine ordninga gjev tilskot per dekar, medan den andre ordninga gjev tilskotet per kulturminne. Merk at same kulturminne ikkje kan utløyse tilskot etter begge ordningane. Søkjaren må velje éi av ordningane. Kommunen skal difor kontrollere at det ikkje blir søkt om tilskot to gongar for same kulturminne dersom søkjaren har søkt i begge ordningane.

For ordninga «§ 17 Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne» er det vilkår om minst 3 registrerte synlege enkeltminne for å utløyse tilskotet.

Drift av seter

Det kan gjevast tilskot til drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon frå kyr eller geit. Produksjonsperioden skal vare minst fire veker per sesong for å utløyse tilskotet. Produksjonen skal svare til minimum 45 liter kumjolk eller 25 liter geitemjolk per døgn og seter. Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller foredlast på setra. Med seter meinast ein produksjonsstad for mjolk med husvære for folk og bufe, som berre er eigna for bruk i sommarsesongen, og som nyttar eit anna ressursgrunnlag enn areala nær driftssenteret.

Tilskotet blir fastsett per seter. Dersom fleire føretak har dyra sine på ei felles seter, skal tilskotet fordelast mellom føretaka som har dyr på setra.



Friluftsliv

Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet

Turstien må gå over jordbruksareal eller langs jordbruksareal. Merk at turstiar i skogplantefelt og setervegar ikkje er ein del av ordninga. Med *langs jordbruksareal* meiner vi at turstien går heilt i kanten av jordbruksarealet. Turstiar på utmarksareal kvalifiserer ikkje for tilskot. Vi ber kommunen om å rette i kartet i eStil, slik at berre turstiar som kvalifiserer for tilskot er teikna inn.

Stien skal vere merkt og teikna inn på offentlig tilgjengeleg kart innan 31. juli. Turstien skal vere merkt av på eit kart som allmenta har enkel tilgang til. Til dømes kan stien vere vist på eit offentlig kjent turkart (M711 eller anna turkart) eller på www.ut.no. Det avgjerande er at publikum skal kunne finne ut at det går ei merkt turløype i området utan å måtte vere lokalkjend. Kommunen må vurdere om stien er ein del av eit turstinettverk eller samanhengande rundløype. Dersom ein søknad omfattar fleire ulike turstiar i same område, må kommunen vurdere om alle alternativa inngår i ein samanhengande tursti.



Avrenning til vatn

Grasdekt kantsone i åker og kantsone i eng

For ordningane grasdekt kantsone i åker og kantsone i eng kan avstanden mellom vassdraget og jordbruksarealet ikkje overstige 8 meter for å utløyse tilskotet. Det betyr at avstanden frå normalvasstand til starten av det dyrka arealet ikkje kan vere meir enn 8 meter. Grusvegar er ikkje jordbruksareal og kvalifiserer ikkje for tilskot.

Kantsona skal ikkje gjødslast eller jordarbeidast. Det skal heller ikkje brukast plantevernmiddel. Sona skal vere mest mogleg permanent, men kan fornyast med behov. Kantsona kan haustast ved slått eller beite.

For grasdekt kantsone i åker er minstekravet til breidd 6 meter på fulldyrka areal. For kantsone i eng er minstekravet til breidd 4 meter på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Kravet om 2 meter upløgd vegetasjonssone mot vassdrag i produksjonstilskotsordninga kjem i tillegg.

Tilskotet gjeld heile fylket. Areal i Haugaland vassområde og Jæren vassområde er definerte som «prioriterte område» og gjev høgare tilskotssats per meter enn andre område. Statsforvaltaren har sendt inn kart over dei prioriterte områda til Landbruksdirektoratet, slik at skilnaden i tilskot blir handtert automatisk i eStil-RMP.

Kontroll av kantsona kan gjerne gjennomførast om hausten. Kontroll av randsonene bør gjennomførast tidleg på året, etter at veksten har kome i gang og vårgjødslinga er utført. Det ugjødsla arealet skal skilje seg frå gjødsla areal i farge og framstå som lysare. Det er òg naturleg at ugjødsla areal inneheld meir kløver og andre urter.



Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker

Grasdekte vassvegar

Tilskotet til grasdekte vassvegar gjeld fleirårige grasdekte vassvegar på åkerareal. Med vassveg meiner ein dråg, det vil seie søkk i åkeren der vatnet samlar seg og renn ved nedbør. Plasseringa av slike grasdekte vassvegar vil følgje terrenget. Kommunen må difor sjå på åkerteigen for å vurdere om det er naturleg at vatnet vil ta den vegen som er teikna inn i søknaden.

Dei grasdekte vassvegane skal vere minst 6 meter breie. Vi opnar opp for at søkjaren kan teikne inn to parallelle linjer i søknaden dersom dei grasdekte vassvegane er 12 meter breie eller meir.

Grasstripe i åker

Tilskotet til grasstripe i åker gjeld grasstriper på tvers av fallet på åkerarealet, Det eit vilkår at det er åkerproduksjon på begge sider av denne grasstripa.

Grasstripa skal vere minst 2 meter brei. Søkjar kan i søknaden teikne inn to parallelle linjer i søknaden dersom grasstripa er meir enn 4 meter brei.

Areal som er sett av til grasdekt vassveg og grasstripe kan gjødslast og sprøytast, og det er ikkje krav om hausting av arealet. Ver merksam på at gjødselbruksforskrifta stiller krav om hausting etter gjødsling. Arealet som er sett til side for grasdekte vassvegar eller grasstripe, skal liggje i gras gjennom vinteren og fram til 1. mars. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli. Tilskotet gjeld heile fylket, og det blir gjeve ulike satsar ut frå kva produksjon føretaket driv.



Utslepp til luft

Miljøvenleg spreiking av husdyrgjødsel

For tiltaka for miljøvennleg spreiking av husdyrgjødsel er det innført ei øvre grense på 6 tonn vassinnblanda gjødsel per dekar per spreiking. Kravet er innført for å redusere faren for avrenning. Den som søker om tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar.

For at arealet skal kvalifisere for tilskot til miljøvenleg spreiking av husdyrgjødsel, må den miljøvenlege teknikken vere nytta på alle gjødslingane. Tilskot til tilføringsslangar blir berre gjeve i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. I eStil-RMP kan ein ikkje teikne inn tiltaket «bruk av tilføringsslange» på areal der det ikkje allereie er teikna inn nedfelling eller nedlegging.

Kommunane må vurdere om søkjaren disponerer areala. Det er den som søker produksjonstilskot for arealet som skal få tilskotet til miljøvenleg spreiking, ikkje den som utfører arbeidet, dersom dette er ulike perdoner eller føretak.).

Ved stadleg kontroll bør kommunen kontrollere både søknaden for inneverande år og søknaden frå året før. Kommunane skal be om å få sjå gjødslingsjournalen. Av gjødslingsjournalen skal det gå fram kva gjødslingsmetode som er nytta, spreiemengd og tidspunkt for gjødslingane. Føretak som ikkje disponerer utstyr sjølve, må kunne leggje fram kvittering på leige av utstyr. Føretaka må ha tilstrekkeleg lagerkapasitet til at det er sannsynleg at husdyrgjødsel ikkje blir spreidd etter fristen. Føretaket skal ha gjødslingsplan. Dersom gjødslingsplan manglar eller er mangelfull, skal det avkortast i tilskotet.



Jord og jordhelse

Fangvekstar etter hausting og som underkultur

Fangvekstane skal vere sådde saman med hovudkulturen eller etter hausting av tidlegkulturar som potet, grønsaker eller rotvekstar. Det blir ikkje gjeve tilskot for gjenlegg. Det vil seie at fangveksten ikkje kan vere hovudkulturen året etter. Såtidspunktet for fangveksten skal vere så tidleg at fangveksten er godt etablert om hausten, det vil seie godt etablert før november. Fangveksten skal ikkje gjødslast eller sprøytast. Unntak er sprøyting mot floghavre, hønsehirse, og svartsøtvier. Fangveksten kan haustast ved slått eller beite, men ein skal unngå køyreskader eller opptråkking frå beitedyr. Arealet skal liggje i ro, det vil seie at arealet ikkje skal jordarbeidast før 15. februar året etter.

Tilskot til bruk av biokol

Tilskotet blir berekna ut frå mengda biokol som er spreidd, i kilo. Biokolet kan spreist saman med husdyrgjødsle eller aleine. Biokol kan òg tilsettast fôret til dyra, og det kan gjevast tilskot for areal som er gjødsle med husdyrgjødsel frå dyr som har fått tilsett biokol i fôret. Dersom biokol blandast i husdyrgjødsel, vil mengda kunne vere 5–100 kg per dekar. Ved spreining med kalkvogn eller sentrifugalspreiar kan mengda vere 500–1000 kg per dekar.

Biokol som blir teken i bruk må vere EBC-sertifisert eller eigenprodusert biokol laga av reint skogvirke eller plantemateriale frå garden, og ha minst 75 % tørrstoff. Dersom tørrstoffinnhaldet er lågare, skal det korrigerast for dette i søknaden.

Ved kontroll må kommunen be om deklarerings av biokolet for å vurdere krav til opphav, og faktura for å vurdere mengda. Det må kunne dokumenterast kvar biokullet er spreidd, og i kva mengder. Ved innkjøpt biokol må faktura for kjøp og innhaldsdeklarasjon leggjast fram. Ved bruk av eigenprodusert biokol må det dokumenterast at biokolet er framstilt av reint skogvirke eller anna reint organisk materiale frå garden.



Miljøavtale

Nytt frå 2026 er den nye miljøavtalen som gjeld for open åkerproduksjonar som korn, potet og grønsaker. Føremålet med miljøavtalen er å redusere avrenning frå open åker til nærliggjande vassførekomstar.

Tilskot til miljøavtale føreset at føretaket oppfyller dei generelle vilkår for regionalt miljøtilskot i Rogaland, at alle dei seks faste vilkåra er oppfylte, og at minst eitt av dei tilhøyrande tiltaka er gjennomført. Kommunen skal kontrollere at alle vilkåra er oppfylte.

Dei faste vilkåra søkjar skal oppfylle, er:

- Arealet skal vere urørt frå hausting, etablering av fangvekst eller førebuing av neste års vekstsesong og fram til 15. februar året etter.
- All husdyrgjødsel brukt i sesongen skal være spreidd innan 10. august.
- Internkontroll skal vere utfylt og lagt ved søknaden.
- Gjødslinga skal følgje prinsippet om delt gjødsling.
- Føretaket skal ha ein godkjend gjødslingsplan og føre gjødslingsjournal som viser gjødslingsdato, spreiemengde per dekar, spreiemetode og gjødseltype. Journalen skal følge same skifteinndeling som gjødslingsplanen.
- Det skal førast journal over plantevernmiddel, lagt ved som vedlegg til søknaden.

Tilhøyrande tiltak der søkjar må ha gjennomført minst eitt tiltak i samsvar med vilkåra satt i Regionalt miljøprogram:

- grasdekt kantsone i åker (§ 19)
- grasdekte vassvegar og grasstripe i åker (§ 21)
- fangvekst som underkultur (§ 24)
- fangvekst sådd etter hausting (§ 25)



Dispensasjon

Statsforvaltaren kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon frå krava i forskrifta. Det blir ikkje gjeve dispensasjon frå utrekningsreglane eller tilskotssatsane. Vidare blir det ikkje gjeve dispensasjon frå teljedato eller tilskotstak. Søknad om dispensasjon skal sendast til Statsforvaltaren via kommunen. Kommunen skal kome med uttale til søknaden, og tilrå om dispensasjon bør gjevast eller ikkje.

Føretak som treng dispensasjon både for søknad om RMP-tilskot og for søknad om produksjonstilskot, kan søkje om dette samla. Det må da opplysast at dispensasjonssøknaden gjeld begge tilskotsordningane.

Statsforvaltaren har ansvar for at saka er godt nok opplyst og dokumentert før dispensasjonsvedtak blir gjort, jf. forvaltningslova § 17 første ledd, og kan krevje at kommunen innhentar alle opplysningar som er nødvendig for å avgjere saka.

Kontroll av søknadar

Kontroll av søknadar er omtalt i kap. 7 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv, og vi viser til dette.

Kontroll av søknadar skal sikre rett praksis. Føremålet med kontroll er å undersøkje om skjøtselen av areal er i tråd med intensjonane med tilskotet, og om opplysningane i søknaden er rette, slik at rett beløp blir utbetalt. Kontrollen skal som hovudregel gjennomførast ved synfaring på det aktuelle føretaket. Dokumentkontroll kan nyttast dersom tilskotet let seg kontrollere på den måten. Kommunen skal alltid kontrollere om grunnvilkåra for tilskot er oppfylte. Dersom føretaket søker tilskot etter kapitla om kulturlandskap, avrenning til vatn, utslepp til luft, jord og jordhelse eller miljøavtale, bør kommunen kontrollere gjødslingsplan og journal over plantevernmiddel i tillegg til vilkåra for de einskilde ordningane.

Kommunen skal kontrollere minimum 5 prosent av dei mottekne søknadane. I eStil-RMP inngår søknadar med status «under registrering» i talgrunnlaget, noko som kan vere misvisande. Kommunen skal plukke ut kontrollobjekta etter ei risikovurdering og skriftleg dokumentere vurderingane og prioriteringane som ligg til grunn for utvalet. I eStil-RMP er det søknadar med status «under behandling» som kan veljast ut til kontroll. Kommunen må merke seg at når søknaden først er teken ut til kontroll i eStil-RMP, kan utvalet ikkje reverserast i saksbehandlarsystemet.

Søknadsfristen for RMP er 15. oktober, og fell saman med søknadsfristen for produksjons- og avløysartilskot. Kommunane har stor arbeidsbelastning i perioden 15. oktober til 15. desember. Vi tilrår difor at kommunen nyttar heile vekstsesongen til å vurdere tilstanden på areal som får regionalt miljøtilskot. Fristen for registrering av areal med miljøverdiar, godkjenning av nytt jordbruksareal, merking av tursti i terreng og avmerking av tursti på kart er 31. juli i søknadsåret.

Vurdering av arealtilstand og skjøtsel må gjerast på tidspunkt av året der drifta av arealet er synleg, slik at kommunen reelt kan vurdere om intensjonen med tilskotet er følgd.

Kommunen kan gjennom heile vekstsesongen reise ut på synfaringar. Ei synfaring er isolert sett ikkje stadleg kontroll. Resultata frå synfaringar kan derimot brukast som dokumentasjon i saksbehandlinga, og for å ivareta behovet for vurdering av arealtilstand ved seinare kontroller. Dette gjeld særleg ordningane kantsone i eng, soner for pollinerande insekt, skjøtsel av slåttemark eller



slåttemyr og begge vipetiltaka. Dersom kommunen under ei slik synfaring finn avvik frå ønska drift, må dette dokumenterast. Driftsansvarleg må gjerast skriftleg kjend med avvika på snart som mogleg etter synfaringa.

Det er først når søknaden er levert og kommunen tek til med saksbehandlinga, at kommunen kan kontrollere opplysningane i søknaden.

Gjennomføring av kontrollen

Kommunen skal kontrollere at dei opplysningane som søkjaren har gjeve om dei valde kontrollobjekta er korrekte, og at skjøtselen er i tråd med skjøtselsråd og vilkår for ordninga. eStil-RMP har ikkje funksjon for utskrift av eige kontrollskjema, men det er tilrådd å ta med utskrift av søknaden. Kommunen må uansett dokumentere kontrollen med dato og signatur frå både kontrollør og søkjar eller annan person med myndigheit til å representere søkjaren. Funn av avvik frå opplysningane i søknaden skal noterast og gå fram av dokumentet søkjaren signerer.

Alle søkjarar med jordbruksareal skal kunne leggje fram gjødslingsplan og journal over bruk av plantevernmiddel, og kunne gjere greie for korleis skjøtselen av areal har vore gjennomført. Søkjarar om tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing og miljøavtaler skal kunne leggje fram gjødslingsjournal.

Gjødslingsplan

Krava til innhald og oppsett av gjødslingsplan følgjer av gjødselbrukforskrifta §§ 26 og 27. Landbruksdirektoratet sitt rundskriv pkt. 6.2.6 gir normer for avkorting ved manglande eller mangelfull gjødslingsplan. Avkorting knytt til manglande eller mangelfull gjødslingsplan og plantevernjournal er relevant for tilskot etter kapitla om kulturlandskap, avrenning til vatn, utslepp til luft, jord og jordhelse, og miljøavtale i RMP-forskrifta. I Rogaland er det store mengder husdyrgjødsel og stort press på spreieareala. Brot på krav i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. (gjødselbrukforskrifta) vil i dei fleste tilfella vere å betrakte som alvorlege, og gje grunnlag for avkorting av regionalt miljøtilskot. For å vurdere om eit regelverksbrot er så alvorleg at det gjev grunnlag for avkorting må kommunen sjå dette i lys av føremålet med miljøtilskotet.

Avkorting

Kapittel 6.2 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv gir normer for avkorting

Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage

Kapittel 11 i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv omtaler dette.

Statsforvaltaren skal ha kopi av saker der kommunen tek klagen til følgje. I saker der Statsforvaltaren avgjer ei klage, må kommunen utføre nødvendige endringar av godkjend-verdiar i eStil-RMP. Statsforvaltaren har ikkje saksbehandlartilgang i eStil-RMP og kan difor ikkje behandle søknadar. Kommunen må effektivere endringane.

Meirutbetaling av tilskot

Der klagebehandlinga fører til meirutbetaling av tilskot, skal kommunen opne søknaden på nytt i eStil. Når dei aktuelle endringane er gjorde, skal kommunen godkjenne søknaden og attestere han på nytt. Differansen mellom allereie utbetalt tilskot og meirutbetaling blir automatisk rekna ut i eStil.



Landbruksdirektoratet går om lag ein gong i veka gjennom attesterte søknadar og betaler ut tilskot. eStil-RMP autogenererer tilskotsbrev når det blir gjort nytt vedtak, det vil seie det blir attestert på nytt i eStil-RMP. Brevet blir tilgjengelig i eStil når Landbruksdirektoratet har godkjend utbetalinga. Alle merknader som står i eStil, kjem med i tilskotsbrevet. Kommunen må difor kontrollere om desse framleis er gjeldande.

Tilbakebetaling av tilskot

Omgjering av vedtak som fører til at søkjaren skal betale tilbake allereie utbetalt tilskot, kan handterast i eStil. Landbruksdirektoratet sender då ut faktura til søkjaren.

Innspel til Regionalt miljøprogram

Regionalt miljøprogram står no framfor ny rullering, og Statsforvaltaren vil invitere til eigne møte i prosessen. Nytt Regionalt miljøprogram, med framlegg til ny forskrift blir også sendt ut på ordinær høyring.

Med helsing

Monica Dahlmo (e.f.)
landbruksdirektør

Christin Hana Løken
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne



Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen